


FoU-prosjekter 2017

Vedlegg 4 til IMDi's årsrapport.

Avsluttede forskning- og utviklingsprosjekter i 2017.



IMDi
Integrerings- og
mangfoldsdirektoratet

Innhold

1	Bosetting av flyktninger	2
	Busettingsklare flyktninger og avtalt sjølvbusetting	2
	Buretleiing og rettleiing i bustadkarriere for flyktningar.....	4
	Tjenesteutvikling: Brukerretting av service og support.....	5
	Utredning av tilskudd for flyktninger med nedsatt funksjonsevne.....	6
2	Kvalifisering og sysselsetting	6
	Integreringsmottak.....	6
	Jobbsjansen 2016: Analyse av individ- og prosjektrapportering	7
	Om brukerne fikk bestemme	9
	Evaluering av kompetansekartlegging	9
3	Folkehelse, deltakelse og holdninger	10
	Rapport om folkehelse og integrering.....	10
	Innvandrarorganisasjonar si rolle i integrering	12
	Næringslivsundersøking om integrering av flyktningar	14
	Befolkningsundersøkelse om integrering av flyktninger	15
4	Serier	16
	Kommunane sine utgifter til busetting og integrering av flyktningar i 2016	16
	Behovet for tolk i 2016	18
	Kommuneundersøkinga 2016	19
	Oppsummert forskning om velferdstjenester.....	22

1 Bosetting av flyktninger

Busettingsklare flyktninger og avtalt sjølvbusetting

Kommunar i denne studien rapporterer at avtalt sjølvbusetting gjer det mogleg å busette fleire flyktningar enn dei elles ville klart. Samstundes er det område som ulike aktørar må rette merksemda mot for at ordninga skal fungere best mogleg.

Publisert 1. mars 2017

Denne studien er andre og siste del av eit større oppdrag om [flyktningar som finn bustad på eigenhand](#). Første del, som kartlegg [korleis avtalt sjølvbusetting praktiserast i kommunane](#), vart ferdigstilt våren 2016.

I denne rapporten ser NIBR på kommunane og flyktningar sine erfaringar med ordninga, samt kva implikasjonar ordninga har. Casekommunar i studien har vore Oslo (tre bydelar), Sarpsborg, Bergen, Volda, Tromsø og Trondheim.

Hovudfunn frå rapporten

- Avtalt sjølvbusetting har påverka busettingssystemet positivt. I casekommunane har fleire flyktningar vorte busett og busettinga går raskare når flyktningane kjem inn som ein aktiv part.
- Det er ikkje først og fremst tilgang på bustad som avgjer flyktningane sitt kommuneval, men forhåpningar om moglegheiter i utdannings- og arbeidsmarknaden.
- Ordninga er i støypeskeia, omgrepsbruken har ikkje «sett seg». Kommunane fyller omgrepet avtalt sjølvbusetting med ulikt innhald, også innanfor ein og same kommune kan omgrepet verte brukt ulikt.
- Mange av dei flyktningane som vart busett på denne måten leiger av andre innvandrarar og får tilgang til delar av leigemarknaden som kommunen ikkje har hatt tilgang til.
- Avtalt sjølvbusetting kan sjåast som ein nettverksdriven form for busetting, fordi nokre av rollene offentlege styresmakter har i busettinga, vert overtatt av nettverk flyktningane er ein del av. Flyktningane inngår i hjelperelasjonar med kvarandre, dei bidreg med å finne bustader og gjer integreringa i lokalsamfunnet lettare.

- Det førekjem også at rolla som hjelpar slår over i ei meklarrolle – der flyktningar kan verte avkrevd pengar eller andre ytingar for å få tilgang på bustadkontraktar. Dersom kontaktpersonar kontrollerer tilgangen til gode (som bustadkontraktar), kan flyktningar hamne i eit gjelds- eller klienttilhøve til dei som i utgangspunktet var deira hjelparar.
- Dersom omfanget av avtalt sjølvbusetting aukar monaleg i dei mest attraktive kommunane, kan det kan verte vanskeleg å finne tilfredsstillande bustader.
- Avtalt sjølvbusetting kan innebere ein større risiko for dårlege butilhøve, for at flyktningar vert utnytta og/eller misser bustaden. I kommunar med høge leigepisar i bustadmarknaden hadde desse flyktningane også høgare husleige enn dei som vart busett i bustader kommunen sjølv skaffa.
- Kommunane erfarer dels at dei som har nytta seg av avtalt sjølvbusetting har ein uavklara busituasjon som har forstyrrende effekt på deltaking i introduksjonsprogrammet. Også etter endt introduksjonsprogram held mange fram med å bu trongt.

Tilrådingar frå NIBR

Staten må bidra til spreiding av informasjon til kommunar, asylmottak og flyktningar.

- Kommunane bør marknadsføre moglegheita for avtalt sjølvbusetting til flyktningar og asylmottak. Vidare kan kommunane inkludere avtalt sjølvbusetting i sin verktøykasse for busetting, t.d. gjennom regulering, økonomiske vilkår o.l., samt sikre rettleiing av flyktningar og utleigarar.
- Merksemda framover må rettast mot mellom anna:
 - om avtalt sjølvbusetting bidreg til tilstrekkeleg butryggleik for flyktningane
 - reduksjon av økonomiske ulikheiter mellom dei som busettast på ordinær måte og dei som nyttar seg av avtalt sjølvbusetting
 - korleis kan ein legge til rette for bustadkarriere blant dei avtalt sjølvbusette flyktningane
 - kva skal til for at ordninga vert meir relevant for små kommunar

Last ned

[Erfaringer fra casekommuner og flyktninger](#) (PDF, 1 MB)

Buretteiing og rettleiing i bustadkarriere for flyktningar

Individuelt tilpassa rettleiing og langsiktigheit i arbeidet er ein suksessfaktor i arbeidet med å få flyktningar vidare i eigen bustadkarriere. Det er eitt av funna denne rapporten om buretteiing og rettleiing i bustadkarriere for flyktningar.

Publisert 20. april 2017

Rambøll har på oppdrag for IMDi samanstilt erfaringar og kunnskap om korleis kommunane kan tilby flyktningar buretteiing og rettleiing i bustadkarriere, med særleg fokus på korleis dette kan tilbydast som ein del av introduksjonsprogrammet.

Rambøll har også identifisert gode grep som kommunane kan ta i bruk for å hjelpe flyktningar til å verte sjølvhjulpne på den private eige- eller leigemarknaden. Desse er samla i eit eige erfaringshefte.

Utfordringar og moglegheiter

Rambøll har hatt fokus på å avdekke kva kommunane opplever som utfordringar og moglegheiter knytt til å gjere flyktningar sjølvstendige på bustadmarknaden. Dette er nokre av hovudfunna:

- Kommunane finn det nyttig å inkludere temaet bustad i introduksjonsprogrammet, og legg ofte rettleiinga rundt temaet til periodar der dei som jobbar med norskopplæring og kvalifisering har fri, men der det likevel er obligatorisk undervisning for programdeltakarane (som i haust-, vinter- eller sommarferiar).
- Ein suksessfaktor i arbeidet med å få flyktningar vidare i eigen bustadkarriere er individuelt tilpassa rettleiing og langsiktigheit i arbeidet.
- Når kommunane skal jobbe med sjølvstendigjering av flyktningar på bustadmarknaden, er det viktig å også jobbe med å sikre ein differensiert bustadmarknad og tilknytning til arbeidsmarknaden.
- Det er eit unytta potensiale for samarbeid med friviljug sektor innan temaet bustadrettleiing og rettleiing i bustadkarriere. Kommunane samarbeider med friviljugheita om fritidsaktivitetar og integrering i nærmiljø, men det er ikkje så vanleg med samarbeid innan temaet bustad.
- Personar som bur lenge i mottak bør i større grad sikrast opplæring i grunnleggande butilhøve før busetting i ein kommune.

Gode grep frå kommunar

Med bakgrunn i funn frå hovudrapporten, presenterast gode grep frå ni kommunar i eit eige erfaringshefte. Kommunane er vald ut fordi dei har teke eitt eller fleire grep som har ført til gode resultat både for den einskilde kommune og flyktningane sjølv. Grepa som presenterast er frå følgande kommunar: Rana, Lillehammer, Flora, Larvik, Stjørdal, Grimstad, Tynset, Asker og Fauske.

Last ned

[Boveiledning og veiledning i boligkarriere for flyktninger. En sammenstilling av erfaringer og kunnskap](#) (PDF, 845 KB)

[Gode grep for aboveiledning og veiledning i boligkarriere for flyktninger](#) (PDF, 1 MB)

Tjenesteutvikling: Brukerretting av service og support

Formål: Brukerrette, forbedre og effektivisere IMDis service- og support-tjeneste (SOS) for henvendelser knyttet til NIR og norsktilskudd, og for fremtidige henvendelser knyttet til ny bosettingsmodul.

Leveranser:

Rapport om muligheter, utfordringer og anbefalinger, herunder:

- beskrivelse av resultat
- forslag til endringer i foreliggende gevinstrealiseringsplan
- forslag til rutineendringer/organisasjonsendringer for SOS-teamet (tjenesten)
- forslag til effektiviseringstiltak i selve SOS-prosessen anbefaling for videreutvikling av en veiledningstjeneste for hele IMDi (i lys av øvrige digitaliseringsprosjekter)
- forslag til endringer i selve Supportportal hvor kommuner skriftlig henvender seg.

Utredning av tilskudd for flyktninger med nedsatt funksjonsevne

IMDi har utredet hvordan ordningen med tilskudd for flyktninger med nedsatt funksjonsevne og/eller atferdsvansker virker.

Utredningen undersøker i hvilken grad tilskuddet benyttes til og er egnet som tilskudd til tilrettelegging ved bosetting av flyktninger med funksjonsnedsettelse.

IMDis utredning av ekstratilskuddet til bosetting av flyktninger ble gjort i dialog med Kompetanse Norge og tok utgangspunkt i rapport fra Kompetanse Norge om særskilt tilrettelegging av norskopplæring for personer med nedsatt funksjonsevne/lærevansker innen introduksjonsloven.

2 Kvalifisering og sysselsetting

Integreringsmottak

Formålet med integreringsmottakene er at nyankomne flyktninger skal komme raskere i gang med arbeid og deltakelse i samfunnet.

Målgruppen for integreringsmottak er flyktninger som nylig har fått innvilget beskyttelse i Norge, og asylsøkere som sannsynligvis vil få oppholdstillatelse.

Forskjellen mellom integreringsmottak og ordinære mottak er i hovedtrekk at beboerne i integreringsmottakene skal ha et fulltids kvalifiseringsprogram med kompetansekartlegging, karriereveiledning og kvalifiseringstiltak. Deltakerne i fulltidsprogrammet skal gis grunnleggende ferdigheter i norsk, innsikt i norsk samfunnsliv og forberedes for deltakelse i arbeidslivet.

Beboerne skal i hovedsak bosettes i samme kommune som mottaket ligger i. På den måten kan beboere fortsette i kvalifiserende aktiviteter uten avbrudd, også etter at de er blitt bosatt i kommunen.

For å styrke partene i integreringsmottak i arbeidet på det nye fagområdet, har FoU-midlene blitt benyttet til å arrangere fem samlinger i 2017, der fokus har vært informasjon, utveksling av metodiske grep og læring mellom statlige etater og lokale aktører i de fem integreringsmottakene.

Evaluering av ordningen med integreringsmottak ble igangsatt våren 2017 på oppdrag fra departementet. Evalueringen skal både se på iverksetting av ordningen og effekt av opphold i integreringsmottak på arbeids- og samfunnsliv.

Jobbsjansen 2016: Analyse av individ- og prosjektrapportering

I 2016 gjekk 68 prosent av deltakarane i Jobbsjansen over i utdanning eller arbeid, basert på deltakarar som fullførte programmet. Nesten halvparten av deltakarane gjekk opp minst eitt nivå i norskkunnskapar.

Publisert 28. juni 2017

Jobbsjansen er ei ordning for innvandrarar i alderen 18-55 år som ikkje har tilknytning til arbeidslivet, som har behov for grunnleggande kvalifisering, og som ikkje er omfatta av andre ordningar.

Det var i alt 143 personar som vart utfasa av Jobbsjansen grunna foreståande endringar i Jobbsjansen f.o.m. 2017. Dersom desse vert rekna med i måloppnåingsgrunnlaget, var overgang til jobb eller utdanning 58 prosent. Måloppnåinga på 68 prosent er basert på 780 deltakarar.

Til saman 1 777 personer deltok i 53 jobbsjansprosjekt i 40 kommunar i 2016. I denne rapporten presenterer Ideas2evidence funn frå prosjekta. Dei ser spesielt på samanhengar mellom måloppnåing og kjenneteikn ved deltakarar og innhald i programmet.

Desse deltok i Jobbsjansen i 2016

Jobbsjansen prioriterer to grupper: heimeverande kvinner og familiegjenforeinte kvinner til norske og nordiske statsborgarar. Desse to gruppene utgjorde 54 prosent av deltakarmassen – noko som er ei auke på ti prosentpoeng samanlikna med 2015.

- 46 prosent tilhørde målgruppa heimeverande kvinner
- 18 prosent var sosialhjelpsmottakarar
- 17 prosent var ungdommar
- 8 prosent av deltagerne var familiegjenforeinte kvinner til norske og nordiske statsborgarar
- 5 prosent var mottakarar av overgangsstønad
- 6 prosent vart klassifisert som «anna»

Mellom 2014 og 2015 auka den gjennomsnittlege varigheita på programdeltakinga frå 10 til 13 månader. I 2016 auka varigheita enda meir, og gjennomsnittleg programtid er nå 16 månader.

68 prosent gjekk over i utdanning eller arbeid

68 prosent av deltakarane i Jobbsjansen i 2016 gjekk over i utdanning eller arbeid. Det gir ei måloppnåing som er 8 prosentpoeng høgare enn departementet sitt resultatkrav for Jobbsjansen.

Heimeverande kvinner, ungdom og familiegjenforeinte hadde høgast måloppnåing, med høvesvis 73, 72 og 69 prosent. Lågast måloppnåing hadde deltakarar i målgruppene sosialhjelpsmottakar og mottakarar av overgangsstønad, på høvesvis 59 og 56 prosent.

Betre norskkunnskapar, betre dugleikar

44 prosent av deltakarane gjekk opp minst eitt nivå i norskkunnskapar i laupet av Jobbsjansen. Nesten halvparten av deltakarane var på mellomnivå eller høgare mellomnivå ved avslutta program.

Alle deltakarar har hatt eitt eller fleire individuelle mål for programmet:

- 77 prosent av deltakarane hadde som mål å forbetre arbeidsevna. Av desse lukkast 83 prosent.
- 54 prosent hadde som mål å forbetre grunnleggande dugleikar. Av desse lukkast 87 prosent.
- ein tredjedel av deltakarane hadde som mål å bestå ei norskprøve. Av desse lukkast litt over 70 prosent.

Last ned

[Jobbsjansen 2016 Analyse av individ- og prosjektrapportering](#) (PDF, 2 MB)

Om brukerne fikk bestemme

Tjenstedesign for å bedre opplæringen i norsk og samfunnskunnskap.

IMDi forvalter tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere på om lag 2,5 milliarder kr i året og er opptatt av at midlene blir benyttet i tråd med hensikten i kommunene.

Det ble utarbeidet et prosjekt i samarbeid med Kompetanse Norge der en gjennom bruk av tjenstedesignmetodikk i en kommune tok sikte på å høste erfaringer og kunnskap om hvordan kommuner kan forbedre norsk- og samfunnskunnskapsopplæringen for voksne innvandrere, med utgangspunkt i brukernes behov.

Konseptet ble testet ut i Vestre Toten kommune i løpet av høsten 2017. Prosessen involverte mange deltakere, blant annet lærere og programrådgivere, og munnet ut i flere konkrete anbefalinger. Anbefalingene fokuserte på hva som bør skje før oppstart og i selve opplæringen. Bred involvering fra hele det kommunale apparatet og innbyggere, samt tidlig utredning på områder som påvirker læring, var to av flere anbefalinger. Vestre Toten er i gang med å iverksette disse og flere andre tiltak, blant annet har de trykket button, med teksten «Jeg lærer meg norsk», til alle nyankomne innvandrere i kommunen.

Evaluering av kompetansekartlegging

Evalueringen av selvregisteringsløsningen for kompetansekartlegging viser at det er gjort en rekke forbedringer av selvregisteringsløsningen siden sist evaluering. Det er imidlertid fortsatt noen utfordringer ved selvregisteringsløsningen som det er viktig å forholde seg til.

Evalueringen ble gjennomført høsten 2017 av Skuterud & Kløvstad AS, og tok utgangspunkt i fire asylmottak: Oslo Ila integreringsmottak, Drammen mottak, Stord mottak og Alstahaug mottak. Det ble observert en rekke registreringssituasjoner og intervjuet både beboere, mottaksansatte, karriereveiledere og ulike ansatte ansvarlig for bosetting, introduksjonsprogram og opplæring i kommunene.

Trenger hjelp til registrering

En utfordring som blir trukket frem i evalueringen, er manglende dataferdigheter hos mange flyktninger, som gjør at de trenger hjelp for å

kunne registrere seg. Mange har også behov for tolk for å kunne registrere seg i løsningen. Selv for brukere med høy utdanningsbakgrunn og omfattende arbeidserfaring, kan det være krevende å registrere all utdanning og erfaring i skjemaet.

Det er i evalueringsarbeidet registrert en rekke eksempler på at registreringen blir mangelfull. Informasjon må dermed hentes inn via andre kanaler, i hovedsak gjennom individuelle samtaler i ettertid.

Infomateriell positivt mottatt

Informasjonsmateriellet som er utviklet, både folderen og animasjonsvideoen, blir i hovedsak omtalt positivt og godt likt, men blir brukt ulikt ved mottakene. Av enkelte mottaksansatte blir det påpekt at informasjonsfolderen ikke passer for personer som er lite vant med skriftlig informasjon. For disse er det ønskelig med større grad av muntlig informasjon og veiledning.

Selvregistreringsløsningen er tilgjengelig på ulike digitale enheter og er godt tilpasset både pc, nettbrett og mobil. Enkelte små tekniske forbedringer er nødvendig for nettbrett og mobil. Bruk av eget utstyr (mobil, nettbrett etc.) forutsetter imidlertid samme grad av bistand ved registrering som bruk av dedikerte pc-er.

3 Folkehelse, deltakelse og holdninger

Rapport om folkehelse og integrering

Folkehelsefeltet og integreringsfeltet har fleire berøringspunkt – ikkje minst når det gjeld deltaking og livskvalitet. Det er eitt av funna i denne rapporten om integrering og folkehelse.

Publisert 9. juni 2017

NIBR har på oppdrag frå Helsedirektoratet og IMDi gjennomført ein policy-analyse av folkehelse- og integreringsfeltet. Føremålet med oppdraget har vore å samanstillе dei to politikkområda og identifisere berøringspunkt mellom dei både når det gjeld mål, styringsverkemiddel og implementering. Studien kastar

lys over mellom anna kommunane sitt arbeid med å realisere politikkmåla for dei to felt, samt moglege synergjar av å sjå folkehelse og integrering i samanheng på kommunalt nivå.

I denne rapporten er integrering avgrensa til «sosial integrering» og definerast som den integreringa som skjer utanfor arbeidsmarknaden. Dette knyter saman det felles tematiske fokuset for folkehelse og integrering, nemlig fellesskap, tryggleik, deltaking og livskvalitet.

Rapporten baserer seg på sekundærlitteratur, dvs. føreliggande policy- og styringsdokument, samt forskingsrapportar og evalueringar. Rapporten inneheld også ti ulike eksempel som illustrerer korleis sentrale målsettingar på både folkehelse- og integreringsområdet kan realiserast og sameinast på tiltaksnivå i kommunane. Informasjonen i dei ulike eksempla er innhenta frå dei aktuelle kommunane.

Funn og læringspunkt

Rapporten viser at politikkområda folkehelse og integrering har ulikt tematisk fokus på ei rekke område, men at dei også har berøringspunkt. Ikkje minst når det gjeld deltaking og livskvalitet. Rapporten identifiserer fleire berøringspunkt og felles tiltaksområde:

- Friviljugheitas bidrag til folkehelse og integrering
- Tidleg innsats for å redusere fråfall frå vidaregåande skule
- Gratis kjernetid i barnehage
- Steds- og nærmiljøutvikling / områdeløft
- Tiltak mot barnefattigdom
- Tiltak mot alvorlege avgrensingar av unges fridom

Rapporten omtalar også likskapar og ulikskapar mellom folkehelse- og integreringsområdet når det gjeld styring, rammer og verkemiddelbruk. Den peiker på at dei to politikkområda kunne tene på å verte meir kjend med kvarandres mål og verkemiddelbruk, både for å styrke implementeringa på det einskilde området og for å styrke eventuelle felles tiltak og initiativ.

Rapporten peiker på at helsefremningsperspektivet, som ser på bakanforliggende faktorar for helse og livskvalitet, slik som oppvekst og levekår, har eit stort potensial for å sameine politikk- og verkemiddelutforminga på dei to områda. Tiltaka som fremjar deltaking, helse og livskvalitet verkar ofte også integrerande.

Rapporten framheld at strategi- og planarbeidet bør styrkast på kommunalt nivå ved å sjå dei meir i samanheng.

Last ned

[Folkehelse- og integreringspolitikkenes bidrag til å fremme sosial deltagelse og livskvalitet](#) (PDF, 6 MB)

Innvandrarorganisasjonar si rolle i integrering

Lokale styresmakter spelar ei viktig rolle som initiativtakar og tilretteleggar for møteplassar på tvers i befolkninga. Det er eitt av funna i denne rapporten om innvandrarorganisasjonar si rolle i integreringa.

Publisert 13. juni 2017

Fafo har på oppdrag frå IMDi undersøkt innvandrarorganisasjonar si rolle i det lokale integreringsarbeidet. Studien er basert på [tilskot til lokale innvandrarorganisasjonar og friviljug verksemd i lokalsamfunn](#), og dei 20 kommunane som forvaltar tilskotet. Undersøkinga er gjort gjennom ei kartlegging, ein casestudie og gruppesamtalar med organisasjonar.

Rapporten ser nærare på:

- Innvandrarorganisasjonar si tilnærming til samarbeid med kommunal forvaltning og andre lokale aktørar, og korleis representantar forstår rolla deira i integreringsprosessar.
- Korleis desse kommunane utøver sitt forvaltaransvar, inkludert tilnærmingar og praksis til samarbeid med innvandrarorganisasjonar.
- Faktorar som bidreg til samarbeid, og kva dette krevjer av innvandrarorganisasjonen og av kommunen.

Hovudfunn og læringspunkt

Studien finn til dels store skilnader i kommunane sin forvaltingspraksis, særleg når det gjeld driftstilskot til innvandrarorganisasjonar. Dette forklarast med skilnader i korleis lokale forvaltarar forstår innvandrarorganisasjonar, og deira kjennskap til og kontakt med desse organisasjonane.

Lokale innvandrarorganisasjonar sett innanfrå

Representantar for lokale innvandrarorganisasjonar skildrar desse først og

fremst som identitetsfellesskap. Dei oppgir at medlemmane mellom anna har behov for å møte folk dei kan dele minne, tradisjonar, språk og erfaringar med.

Ifølge innvandrorganisasjonane er ikkje det å vere del av slike fellesskap ein motsetnad til å vere godt integrert, i tydinga arbeid, utdanning, språk og kontakt med majoritetssamfunnet. Tvert imot skildrast innvandrorganisasjonane si rolle som viktig, ved at dei tilbyr trygge fellesskap og støtte som dannar basis for å inngå i samarbeidsrelasjonar med andre aktørar.

Innvandrorganisasjonane skildrar offentlege tilskotsordningar som viktige, fordi dei fungerer som ein dørøpna til lokale styresmakter. I denne samanhengen er det avgjerande å ha systemkompetanse i organisasjonane, og å kjenne folk i majoritetssamfunnet og hos lokale styresmakter. Slik kjennskap reduserer moglegheita for å gjere feil, men også mistru frå lokal forvaltning. Det aukar moglegheita for å kunne inngå i ein likeverdig relasjon.

Lokal forvaltning og innvandrorganisasjonar

Nasjonale og lokale styresmakter forventar at sivilsamfunnet skal bidra til integrering gjennom nettverksbygging på tvers av grupper, slik at det utviklast tilhøyrslø og tillit. Studien finn at tillitstilhøve mellom lokal forvaltning og innvandrorganisasjonar er ein viktig føresetnad for å få til slike møte på tvers.

Organisasjonane har ikkje dei naudsynnte ressursar, kontaktar og systemkompetanse for å etablere aktivitetar og arrangement som fannar både minoritet og majoritet. Lokale styresmakter spelar derfor ei viktig rolle som initiativtakarar, tilretteleggarar og koordinatorar for slike møteplassar.

For at dette skal vere mogleg må kommunen ha kontakt med innvandrorganisasjonar på måtar som opplevast tillitsskapande. Når representantar frå kommunen og innvandrorganisasjonane snakkar saman om kva dei ønsker å oppnå, i staden for om formelle krav til søknad om tilskot og rapportering, etablerast eit anna moglegheitsrom. Aktørane frå den lokale organisasjonen settast i førarsetet, og kommunen si rolle blir å støtte og legge til rette.

Tre føresetnader for godt samarbeid

Rapporten skildrar tre føresetnader for samarbeidsrelasjonar som kan bidra til å trekke innvandrorganisasjonar med i lokalt integreringsarbeid:

- at kommunen gir rom for at byråkratiet kan virke ubyråkratisk og nærme seg friviljugheita på deira premiss
- at det etablerast møteplassar mellom kommunen og innvandrorganisasjonane
- at møta skjer mellom likeverdige partnarar

Last ned

[Innvandrerorganisasjoners rolle i integrering – sett gjennom en statlig tilskuddsordning](#) (PDF, 773 KB)

Næringslivsundersøking om integrering av flyktningar

Halvparten av næringslivsleiarar er positive til å gi flyktningar praksisplass. Det kjem fram av undersøkinga Norstat har gjort for IMDi.

Publisert 14. august 2017

Bakgrunnen for undersøkinga er at det er stort behov for praksisplassar dei komande åra. Over 27 000 flyktningar deltek i dag i introduksjonsprogram, med mål om å kome raskt ut i arbeid eller utdanning og verte økonomisk sjølvstendige.

Hovudfunn

11 prosent av dei spurde svarar at dei har flyktningar på praksisplass i dag, og ytterlegare 35 prosent svarar at det kan vere aktuelt for dei å tilby praksisplass dei komande to åra.

- 47 prosent opplyser at det ikkje er aktuelt å tilby nyankomne praksisplass.
- 91 prosent meiner at både flyktningen sjølv og offentlege styresmakter har eit stort (eller eit svært stort) ansvar for integrering i Noreg.
- Oppfølging frå det offentlege og økonomiske tilskot er avgjerande føresetnader for å tilby flyktningar praksisplass – det meiner høvesvis 64 prosent og 58 prosent av dei spurde.
- Språkutfordringar, manglande rekrutteringsbehov og mangel på eigna arbeidsoppgåver er hovudgrunnane næringslivsleiarar oppgir for at det ikkje er aktuelt å tilby praksisplass til flyktningar.
- 6 prosent tilbyr norskopplæring i arbeidstida, medan 23 prosent seier dei kan legge til rette for det ved behov.

Undersøkinga er gjort blant 600 administrerande direktørar (eller tilsvarande) i et utval av verksemder, som er trekt tilfeldig blant verksemder i Noreg.

Last ned

[Næringslivsundersøkelse om integrering av flyktninger](#) (PDF, 660 KB)

Befolkningsundersøkelse om integrering av flyktninger

Hvem mener befolkningen har ansvaret for at flyktninger integreres, og ønsker folk å bidra? Norstat har på oppdrag fra IMDi gjennomført en spørreundersøkelse i befolkningen om integrering av flyktninger.

Publisert 21. november 2017

Hovedfunn

Undersøkelsen viser at selv om befolkningen tillegger alle aktørene et ansvar for integrering av flyktninger, så gjøres dette i ulik grad for de ulike aktørene. Befolkningen svarer at det er flyktningen selv og offentlige myndigheter som har størst ansvar når det gjelder integrering i Norge.

- Kun 1 av 4 mener av privatpersoner har svært stor eller stor grad av ansvar for integrering av flyktninger.
- 11 prosent av respondentene oppgir at de gjør en innsats for å integrere flyktninger, mens 27 prosent sier de kan tenke seg å gjøre en innsats. Det kan tyde på at det er et potensial for at flere kan bidra til å integrere flyktninger, dersom forholdene ligger til rette for det.
- De mest aktuelle integreringsfremmende aktiviteter er det å delta på flerkulturelle arrangementer, bidra med norsktrening og leksehjelp eller å verve seg som flyktningguide.

Undersøkelsen er gjort i et representativt utvalg i befolkningen gjennom Norstats respondentpanel. Antall respondenter var 1 022, og datainnsamlingsperioden var 16. – 24. mai 2017.

Last ned

[Integrering av flyktninger. Befolkningsundersøkelse 2017](#) (PDF, 629 KB)

4 Serier

Kommunane sine utgifter til busetting og integrering av flyktningar i 2016

Endelig rapport om kommunane sine utgifter til busetting og integrering av flyktningar i 2016 viser at kommunane sine utgifter i stor grad vert dekt av tilskot.

Publisert 4. august 2017

Berekningsutvalet, som består av medlemmar frå både stat og kommune, gjennomfører ei årleg kartlegging av kommunane sine utgifter. Utvalet ser dei kartlagde utgiftene opp imot integreringstilskotet og tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar (norsktilskotet).

Funna er ein del av avgjerdsgrunnlaget når neste års satsar for tilskot skal fastsettast.

Hovudfunn

- Kommunane har i gjennomsnitt utgifter på 795 800 kroner per flyktning i femårsperioden etter busetting.
- Integreringstilskotet dekkar framleis over 90 prosent av kommunane sine utgifter til busetting og integrering i 2016.
- Kommunane har i gjennomsnitt utgifter på 1 234 900 kroner per einsleg mindreårig flyktning i femårsperioden etter busetting.
- Kommunene får dekt 58 prosent av sine utgifter til einslege mindreårige flyktningar i 2016 mot 71 prosent i 2015.
- Med ein klassestorleik på 15 elevar dekkar norsktilskotet (høg sats) 1 100 timar opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Høg busetting og liten vekst i utgifter

Fleire kommunar melder om noko oppbemanning innanfor tenestetilbodet til flyktningar i 2016 på grunn av høgare busetting dei siste to åra. Likevel er oppbemanninga relativt låg sett i samanheng med det høge talet på personar som vart busette i 2016 og 2015.

Utgifter til introduksjonsstønad aukar mest fordi det er fleire deltakarar i introduksjonsprogram. Kommunane sine utgifter til sosialhjelp, integreringstiltak og administrasjon aukar i liten grad. Årets funn kan dermed tyde på stordriftsfordelar ved høg busetting.

Utgifter til einslege mindreårige

For kommunane sitt arbeid med busetting og integrering av einslege mindreårige flyktningar var 2016 eit år utanom det vanlege. Utvalet si kartlegging viser ei større auke i utgifter per person i denne gruppa. Dette skuldast mellom anna at det vart busett langt fleire einslege mindreårige flyktningar i 2016 enn tidlegare år.

I startfasen krev denne gruppa ofte meir oppfølging frå tenesteapparatet i kommunen. I tillegg opplevde kommunar ledig kapasitet i bufelleskap og bustader fordi talet på einslege mindreårige vart langt lågare enn talet på plassar kommunane hadde vedtatt. Dette førte også til høgare utgifter per einsleg mindreårig flyktning.

Heilskapsbiletet for 2016 viser likevel at det var ei kraftig auke i talet på busette flyktningar, medan kommunane sine utgifter per flyktning ikkje auka like mykje.

Last ned

[Kommunenes utgifter til bosetting og integrering av flyktninger og personer med opphold på humanitært grunnlag i 2016](#) (PDF, 1 MB)

[Kommunenes utgifter til bosetting og integrering av enslige mindreårige flyktninger i 2016](#) (PDF, 620 KB)

Behovet for tolk i 2016

Både antall oppdrag og utgifter til tolking i offentlig sektor har økt betydelig. Samtidig ble kun tre av ti oppdrag i 2016 gjennomført av kvalifiserte tolker.

Publisert 25. oktober 2017

Denne rapporten presenterer funn fra IMDIs årlige kartlegging av behovet for tolk i ulike språk i 2016. Rapporten gir også anslag over offentlig sektors utgifter til tolk i 2015.

Hovedfunn

- Det ble gjennomført rundt 672 000 tolkeoppdrag for offentlig sektor i 2016. Dette er en dobling siden 2013. De private formidlerne står for til sammen tre fjerdedeler av oppdragene som ble levert i 2016.
- Kun 30 prosent av oppdrag i 2016 ble gjennomført av tolker som står oppført i Nasjonalt tolkeregister. Andelen var høyest hos offentlige tolkebrukere med interne tolkeregistre (95 prosent), og lavest for oppdrag formidlet gjennom private (17 prosent). Tilsvarende andel for kommunale formidlere var 47 prosent.
- Utgiftene til tolking i offentlig sektor er anslått til 740 millioner kroner i 2015, en økning på 51 prosent siden 2013.
- Det er store variasjoner i hvor mange tolker de ulike virksomhetene har knyttet til seg. Kommunale tolkeformidlere har gjennomsnittlig 123 aktive tolker, offentlige tolkebrukere med interne tolkeregistre 298 og private tolkeformidlere 659.
- Det er ikke store endringer i etterspørselen etter de ulike språkene fra 2015 til 2016. I 2016 var det var klart flest tolkeoppdrag i arabisk. Det er over dobbelt så mange oppdrag som i det nest mest brukte språket tigrinja. Også somali, dari, pashto, polsk og persisk skiller seg ut med mange oppdrag.
- På spørsmålene om hvilke språk det oftest har vært umulig å levere tolketjeneste og hvor flest oppdrag har blitt levert av ukvalifiserte tolker, oppgir respondentene både høyt etterspurte språk (arabisk, tigrinja, somali og pashto) og språk hvor det er lav etterspørsel (nepali, tagalog, akan og bengali).

Utfordringene med å levere gode tolketjenester

Respondentene oppga utfordringer som både handler om tolkebrukere og tolker:

- Mange tolkebrukere har manglende forståelse for tolkeyrket og feil forventninger til tolken. Det er også manglende vilje til å tilpasse seg tolkenes ledige tid.
- Mange kvalifiserte tolker vil ikke ta korte, dårlig betalte oppdrag utenfor Oslo. Arbeids- og lønnsbetingelser gjør det vanskelig å beholde godt kvalifiserte tolker, og den store etterspørselen gjør at mange ukvalifiserte personer kan ta oppdrag for offentlig sektor.

Om kartleggingen

Kartleggingen er gjennomført som en spørreundersøkelse blant kommunale og private tolkeformidlere samt offentlige tolkebrukere med interne tolkereregistre. I tillegg inkluderer analysene data fra NHO Services rapport «Tolketjenester levert av private 2016».

Årets kartlegging har derfor mer omfattende datagrunnlag og gir et mer fullstendig bilde av tolkefeltet i Norge.

Last ned

[Behovet for tolk i 2016](#) (PDF, 773 KB)

Kommuneundersøkinga 2016

Det er særleg behov for rettleiing på utdanningsområdet når kommunane skal kvalifisere flyktningar og innvandrarar. Det viser IMDi årlege undersøking retta mot alle landets kommunar.

Publisert 31. august 2017

Tema for undersøkinga er korleis kommunane arbeider med busetting og integrering av flyktningar og innvandrarar, og korleis dei oppfattar IMDi som samarbeidspartnar.

Denne undersøkinga vart gjennomført på tampen av 2016, eit år med rekordmange busette flyktningar (15 300) og deltakarar i

introduksjonsprogrammet (23 000). 321 av landets 428 kommunar og 14 av Oslos 15 bydelar har svart.

Hovudfunn frå undersøkinga

Etter fleire år med rekordhøge busettingstal, er kommunane sin fokus no i stor grad på å kvalifisere dei busette flyktningane til arbeid og utdanning.

Kommunane har i årets undersøking vorte stilt eit ope spørsmål om kva tenester kommunen har særskilt behov for når det gjeld kvalifisering og sysselsetting av flyktningar. Rettleiing på utdanningsområdet er særleg etterspurd. Dette omhandlar alt frå godkjenning av dokumentert utdanning til tilpassa grunn- og vidaregåande skulelaup.

Kommunane etterspør også rettleiing om samarbeid med nærings- og arbeidsliv, praksisplassar i introduksjonsprogrammet og om ulike arbeidsretta laup.

Utdanningsretta kvalifiseringslaup

Med større etterspurnad etter formell utdanning og kompetanse, vil opplæring i grunnskule, vidaregåande opplæring og grunnleggande dugleikar framover vere viktige tiltak for deltakarar i introduksjonsprogram og norskopplæring.

I åtte av ti kommunar leggest det på ulike måtar til rette for at norskopplæring lar seg kombinere med grunnskule og/eller vidaregåande opplæring, men på kva måtar dette gjerast varierer. I fire av ti kommunar opererer ein med sams administrasjon mellom tilbydar av vaksenopplæring og grunnskule, mens berre 12 prosent av kommunane har ein forankra avtale med fylkeskommunen.

Bistand frå IMDi

Kommunane er mest nøgd med IMDi's bistand til «deling av kunnskap og erfaringar om kvalifiseringsarbeid frå andre kommunar», og heile 90 prosent ønsker bistand frå IMDi på dette området dei neste to åra.

80-90 prosent av kommunane trekker også fram at dei ønsker bistand til «tilrettelegging for kunnskapsspreiing og erfaringsutveksling mellom kommunar», «tilrettelegging for møteplassar med andre statlege aktørar», og «råd og rettleiing om ulike utdanningslaup for flyktningar».

Resultatmål for introduksjonsprogram

Delen av kommunar som har resultatmål for introduksjonsprogrammet er 55 prosent. Delen har ikkje auka sidan IMDi stilte spørsmålet for første gang i 2014.

Trass i eit mangeårig fokus på rask overgang til arbeid og utdanning for personar med fluktbakgrunn, aukar altså ikkje delen av kommunar med resultatmål. Men 13 av 14 bydelar i Oslo svarar at dei har eigne resultatmål.

Kapasiteten i kommunale tenester

Ein stor del av kommunane har auka kapasiteten i kommunale tenester som følge av auka busetting av flyktningar. Kommunane har i størst grad auka kapasiteten i tenesteapparatet på områda «bestilling og bruk av tolk», «bustad» og «introduksjonsprogram og norskopplæring».

Alle kommunestyre skal ha vedtatt kommunen sin planstrategi for inneverande valperiode. Om lag halvparten av kommunane oppgir at planstrategien omtalar tilpassing av kommunale tenester som følge av auka innvandring. Samanlikna med svara for 2015-undersøkinga, ser ein ei klar auke i delen av kommunar som oppgir at planstrategien omtalar behovet for tilstrekkeleg bustadtilbod for flyktningar.

Kommune som mangfaldig arbeidsplass

Det er svært ulik praksis mellom kommunar når det gjeld i kva grad det er eit uttrykt mål at befolkningssamansetnaden gjenspeglast blant dei kommunalt tilsette. Fire av ti kommunar svarar at dei ikkje har planar eller tiltak der målet er at delen av innvandrara i kommunen gjenspeglast blant kommunen sine tilsette.

Mellom anna er det berre 12 prosent av kommunane som oppgir at dei praktiserer ei intervjuordning der minst ein søker med innvandrarbakgrunn vert kalla inn til intervju dersom vedkomande er kvalifisert. Blant Oslos bydelar oppgir imidlertid heile 11 av 14 bydelar at dei har ei slik ordning.

Last ned

[Kommuneundersøkelsen 2016](#) (PDF, 709 KB)

Oppsummert forskning om velferdstjenester

Folkehelseinstituttet utarbeider forskningsoversikter og systematiske kunnskapsoppsummeringer basert på litteratursøk internasjonalt.

Direktoratene IMDi, NAV, Husbanken, Bufdir og Hdir inngikk i 2015 en femårig avtale om finansiering av og mottak av tjenester fra Kunnskapssenteret. Fram til en omorganisering av Kunnskapssenteret i 2017 ble leveranser til direktoratene håndtert av en egen seksjon, Velferdsseksjonen.

Avsluttede prosjekter 2017

- Rapporten «[Supported employment for arbeidssøkere med bistandsbehov](#)» ble publisert på Folkehelseinstituttets nettsider våren 2017.
- For kunnskapsfeltet «Tiltak mot gjengkriminalitet» er det utarbeidet en hurtigvurdering basert på foreliggende oversikter.
- Et systematisk litteratursøk om boligsegregering/nabolagseffekter er avsluttet og rapporten «[Effekt av segregerte boområder på helse og levekår](#)» (2017) er publisert på [Folkehelseinstituttet sine nettsider](#).
- Prosjektet «Språkopplæring for person med lite eller ingen utdanning» nærmer seg ferdigstilling. Utkast til rapport vil foreligge medio januar 2018, publisering medio mars. For mer informasjon, se prosjektplan: <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/sprakopplaring-prosjektplan-endelig.pdf>
- Rapporten «[Effekt av og erfaringer med tiltak rettet mot unge som er utsatt for tvangsekteskap og æresrelatert vold](#)» er basert på et systematisk litteratursøk. FHI identifiserte ingen aktuelle empiriske studier på dette feltet.